

ØRSTA**Rusa bilførar**

Ein politikontroll, natt til søndag avdekkar at ein mannleg bilførar i 20-åra var rusa, melder politiet.

Det blir oppretta sak etter hendinga.

ÅLESUND**Veteranbil i brann**

Lørdag kveld begynte det å brenne i en bil i Spjelkavik.

– Brannen er slukket av noen på stedet. Nødetatene er på veg, het det i første Twitter-melding fra politiet klokka 19.33.

Kort tid etter ble det opplyst at politi og brannvesen var på stedet, og at brannen hadde blitt slukket med pulverapparat.

– Den aktuelle bilen var en veteranbil, het det.



FUNN: Både Oddvar Jan Melsæter og Terje Løvnes gjør funn i de mange kassene med kort som Lars Muribø i Valldal har tatt med til byen. FOTO: TERJE ENGÅS

**Samlere
søkte
sammen****HOBBY**

Oddvar Jan Melsæter og Terje Løvnes blar iherdig i bunke etter bunke med postkort. De er på jakt etter kort som de kan utvide samlingene sine med.

Mange stelte i hagen eller dro på sjøen i finværet lørdag. Overraskende mange søkte seg til IOGT-huset, der Aalesund Filatelistklubb arrangerte frimerke- og postkortmesse.

– Dette viser bare at det er stor interesse for å samle, og for tida aller mest på postkort, sier Arve Hoel, leder i klubben.

Han forteller om besökende fra hele Sunnmøre og Romsdal, om auksjonen der alle objekt ble solgt – og et nytt medlem.

To som har vært medlemmer i mange år er Oddvar Jan Melsæter og Terje Løvnes.

Melsæter leter etter nye kort fra Sunnmøre til samlinga si, mens Løvnes spesielt ser etter kort fra Eidsdal.

TERJE ENGÅS
terje.engas@smp.no

ME-forskarar til konfe

• Initiativtakar og ME-sjuke Agneta Skrede (31) er så dårleg at ho ikke kan få kraft til å tenke ein tanke.

STRYN

Liggande heime i mørket brukar Agneta Skrede (31) frå Stryn alt det vesle ho har av kreftene til å kjempe for ME-saka.

I over fire år har Agneta Skrede vore skjerma for lys, lydar, lukt og alle slag sterke inntrykk. Mesteparten av tida er ho inne bak nedtrekte gardiner, i mørke rom. Smarter og kraftløse er kvardagen hennar, sjølv dei minste gjeremål er store hinder.

For fem år sidan fekk den no 31 år gamle kvinnen diagnosen ME (myalgisk encefalopati), og ho blir ikkje betre. Likevel har ho det siste året brukt dei få kreftene ho har til å jobbe fram ein ME-konferanse med framståande fagfolk i heimkomunnen, i Stryn kulturhus 12. og 13. april. Til dette ho fått god hjelp av foreldra sine, Ester Anny og Arne Skrede, familie og vener. Det er også Ester Anny som formidlar Agneta si historie – dottera har ikkje krefter til å stille til intervju.

Fordommar. – Agneta jobbar for å spreie kunnskap om ME. Det er ein sjukdom som helsevesenet ikkje kan, og som det rår mykje uvitskap om og fordommar mot. Mange trur rett og slett ikkje på sjukdomen. Det er heilt forferdeleg. Det er ikkje tvil om at dotter vår er alvorleg sjuk, og sjukdomen råkar heile familien, fortel Ester Anny.

Tidlegare var Agneta aktiv langrennsløpar. Ho har delteke i NM, gått Birkebeineren, Vasaloppet og Tjeivasan. Ho elskar å gå i fjellet og på ski. Agneta var nettopp ferdigutdanna byggingeniør og hadde fått seg jobb i Trondheim då ho fekk ME-diagnosen. Truleg har ho hatt sjukdomen ei tid utan å vite det. No bur ho heime hos foreldra i Markane i Stryn, midt i eit skiløypeeldorado. Men også denne våren gjer sjølv den varaste fuglesong vondt i Agneta sin kropp.

Jakt. Fagfolk veit ikkje sikkert kva ME er og korleis sjukdomen oppstår. På konferansen i Stryn vil mykje handle om jakta på ein biomarkør – eit teikn som avslører sjukdomen og som kanskje kan leie fram til ein kur. Frå Haukeland Universitetssykehus kjem Øystein Fluge og Ingrid Gurvin Rekland, som står i spissen for eit forsøk der kreftmedisin vert prøvd ut på ME-pasientar. Frå Oslo Universitetssykehus kjem Ola Didrik Saugstad, professor i pediatri, og lege og forskar Katarina Lien. Fysioterapeut og forfattar Jørgen Jelstad har skrive boka «De bortgjemte». Jelstad har halde føredrag og delteke i den offentlege debatten om ME gjennom fleire år. I tillegg kjem representantar for Norges ME-forening og rådgje-



MOR: – Det er vondt og vanskeleg å sjå dotter si så sjuk, og ikkje kunne gjøre noko for at ho skal verte betre. Heile familien må setje livet på vent når Agneta er så dårleg som ho er no, fortel Ester Anny Skrede.

ME

- Myalgisk encefalopati (ME) er ein neurologisk sjukdom med mange symptom. Hovudkjenntekna er rask trøyttelek i muskulatur og sentralnervesystem etter minimal fysisk og mental anstrenging. I tillegg unormalt lang restitusjonstid for gjenvinning av muskelstyrke og intellektuell kapasitet.

KJELDE: NORGE'S ME-FORENING

«Eg har ikkje eingong energi til å tenke ein tanke»

ME-SJUKE AGNETE SKREDE

var for svært sjuke ME-pasientar til konferansen i Stryn kulturhus.

I 2012 skreiv Agneta ein kronikk om si erfaring med ME, som ho sende til alle stortingsrepresentantane. I 2014 fekk ho kronikken på trykk i Dagens Medisin, og han vart årets mest leste debattinnlegg på nettavisen. I fjor stod Agneta bak eit føredrag med tidlegare nemnde Jørgen Jelstad, og i år er ho altså initiativtakar til ein todagars konferanse.

Pause. – Vi er alle svært glade for å ha fått dette til. No er håpet at konferansen skal føre til noko, at nokon reagerer, og at ME vert teke på alvor. Agneta har prøvd offentleg å spreie kunnskap om sjukdomen i fleire år. Om det ikkje skjer noko no, får andre overta. Vi må ha ein pause, seier Ester Anny Skrede.

I kronikken frå 2012 skriv Agneta m.a. om kampen om ein diagnose, om avvisning, og om ei vandring frå lege til lege. Ho fortel om ytterpunktene når det gjeld behandling av ME-pasientar, om møte både med forståing og arroganse. Ho skildrar også korleis det er å leve med ME. «I periodar, når sjukdomen er på sitt verste, går all tilgjengeleg energi i kroppen med til å halde meg i live. Eg har ikkje eingong energi til å tenke ein tanke».

HILD NORDAL
hild.nordal@smp.no

